

Leiarmøte Rogaland Sau og Geit 18-19 oktober 2019

Grand Hotel, Egersund

Fredag 18. oktober

Møtestart kl 13.00

Velkommen ved leiar i Sokndal og Heskjestad Sau og Geit, Mette Karin Rovik

Rovik ønskte alle lokallag og andre velkommen til Egersund og leiarsamling i regi Sokndal og Heskjestad Sau og Geit. Laget som vart stifta i 1959 fungerer fint og ho ville spesielt trekke fram det gode samarbeidet med tilhøyrande lokallag i sau og geit. Godt samarbeid gir gode tilbod til medlemmene og eit godt miljø.

Velkommen ved ordførar i Sokndal Kommune, Trond Arne Pedersen

Pedersen ønskte velkommen til leiarsamling og orienterte kort om Sokndal kommune. Det bur fast 3300 innbyggjarar i kommunen, medan den i løpet av året har omlag 70 000 besøkjande. Sokndal er mest kjend for mineral- og grusuttak gjennom gruveanlegget Titania AS som Noregs største bergverk, og eit av to gjenværande malmanlegg i landet. Kommunen er oppteken av å kunne tilby alle besøkjande gode opplevelsar, og trekk fram det viktige arbeidet sauen og sauebonden legg ned, for å gjera naturen attraktiv. Rett forvalting og godt vedlikehald av naturen er avgjerande for eit fint kulturlandskap. Det er sterke interesser for korteist og lokalprodusert mat i matfylket Rogaland, noko som Sokndal støtter opp om. Ordføraren takka for seg og ønskte alle eit godt møte med gode diskusjonar og framtidig lagsarbeid.

Opprop

Dei fleste lokallag møtte med representant. Lund, Tysvær, Kvitsøy, Bokn, Jøsenfjord, Karmøy, Skåre, Strand meldte forfall. Vikedal/Imsland og Halsnøy møtte ikkje, og har heller ikkje meldt forfall.

I komande leiarsamlingar skal innkalling leggjast fram for leiarmøte.

Innleiing ved leiari i RSG – Håvard Helgeland

Håvard Helgeland ønskte alle velkommen til leiarmøte og innleia med å orientere om marknaden for lammekjøt. Det er trøng for å selgja norsk kjøt om hausten, og til dette arbeidet trengs alle i næringa, frå topp til grasrot. Sauen får uforskyldt negativ omtale i media og medlemmane i sau og geit må haldast oppdaterte på reelle fakta i klimadiskusjonen. Det er naudsynt at sauebønder og lokallagsmedlemmer står støtt og med fagleg tyngde innan dette feltet. Håvard ønska alle eit godt leiarmøte.

«Kvífor er småfenæringa ei framtidsretta næring?» - Bothild Åslaugsdotter Nordsletten redaktør i Bondevennen

Bothild Å Nordsletten heldt eit engasjert og nyttig føredrag kombinert med gruppearbeid. Ulike tema vart presentert før inndeling av grupper og gruppearbeid fullførte diskusjonen innan kvart tema. Nordsletten poengterte alle dei gode grunnane til kvífor småfenæringa er framtidssretta, som til dømes at utmarksbeiting er eit unikt fare for får og far, i form av matauk. Det gjer oss glad, sprek, respekt og audmjuke for det arbeidet som blir gjort. Det finst ikkje natur utan dyr. Sau og geit er sikringskost og nasjonale identitetsmarkørar. Bothild snakka også om alle dei unike eigenskapane til sau og geit som igjen bidreg til kortreist mat/husdyrprodukt og arbeidsmarknad, som saueklipping, lammelår, ull, geitost og lanolin.

Spørsmål: Difor driv eg med sau og geit!

Svar frå gruppene:

Det er kjekt! Glede over å skape og utvikle eige produkt. Utfordrande og inspirerande å drive eigen bedrift. Interesse på småfe og at denne produksjonen passer på bruket, det typiske vestlandsbruket. Sauen er interessant, og det er kjekt å arbeide med samspelet mellom artane for eksempel menneske, sau og hund. Godt miljø og positivitet mellom bønder, givande miljø på tvers av størrelse, rasar og geografi. Drivande å produsere eit produkt som kunden vil ha, dette er drivkraft for å produsere mat. Det er sesongbetont å drive med sau, alltid noko å glede seg til. Sosialt å drive med sau, for heile familien og venner kan vera med på drifta og produksjonane. Det er meiningsfullt å drive med sau. Verdiskaping og sysselsetting.

Spørsmål: Desse aktørane eller dette utfordrer næringa – fordi...

Svar frå gruppene:

Kjedemakta har for stor makt, og er utfordrande. Politikerar som tillett import. Næringsa sjølv som ikkje tek dyrevelferd på alvor. Bynære beiteområder som er arena for allmennretten. Klimahysteri som ikkje er vitenskapleg dokumentert. Nisjeproduksjon kan vera utfordrande,

samtidig som rekoringar auker sal av småfenæringa sine produkt for kvart år. Kunnskap og kunnskapslaushet som binder store grupper, fordi folk svelger fort det de leser i sosiale medier. Kunnskapslausa som har sunke veldig fort dei siste generasjonane.

Spørsmål: Dette bør me gjera for å møte utfordringane ...og for å skape forståing for synspunkta og behova våre

Svar frå gruppene:

Næringsa må slå i bordet med fakta og støtte opp om prosjekter som handler om klima. Næringsa bør invitere skuleklassar til gardane for å få omvisning og informasjon om matproduksjon. Næringsa kan bli meir synlege, alle kan gjera litt. Møt fotturistar og besökjande med eit smil. Ta kontakt med lokale politikerar. Sørg for å bli høyringsinstans i kommunane på saker som gjeld matjord og folkehelse.

Væraringane sin time

Tema: Vegen vidare for væraringane. Per Johan innleia med nytt frå avlsutvalet og avlsrådet og orienterte om genomisk seleksjon og værring-økonomi. Lyse utfordra værring-medlemma på to spørsmål:

- Skal værring/buskap ta kostnaden ved gentesting?
- Kva tenkjer ringane om krav til auka registrering?

Desse møtte: Lund, Dalbuen, Rennesøy, Sandnes, ,Haugaland, Time, Bjerkreim og Rogaland spælring. Finnøy, Gjesdal og Ryfylke møtte ikkje.

Innspel:

- Lund værering: Få medlem, men er innstilte på å måtte registrere meir. Meiner likevel at ein del registreringar er utan nytte. Er livdyrmarknaden viljuge til å betale meirpris på GS-testa værer? Utfordrande med livdrysal av visse krysningsrasar.
- Dalbuen værering: Ringen har 7 medlem. Har problemer med å gjennomføre alle registreringane som krevst, då det er variert vilje til dette blant medlemmane.
- Kan bli utfordrande å selgja værer dersom salgsprisen aukar, då dei må konkurrere med billegare værer.
- Rennesøy værering: Opplever vilje til auka registrering.
- Sandnes værering: Prisen på kåra værlam og risbitværer bør auka. Avlsrådet må skaffe meir midlar, for å kunne stå i oppstarta prosjekter.
- Haugaland NKS: Håpar GS vil vise resultater, og kan bidra til auka priser gjennom større sikkerhet.

- Time værering: Det bør gis økonomisk støtte til dei som er viljuge til å auke registreringsmengden. Ringen har 8 medlem. Gir vær-rabatt til medlem i Time Sau og Geit, noko som gitt positiv vekst i salet. Vilje til auka registrering.
- Rogaland Spælring: Blanda vilje til auka registrering.
- Bjerkreim værering: Sal av værer avhenger mykje av det enkelte medlemmet og dets omgangskrets.

Felles frå RSG og væreringane: Er det avla vekk for mykje feitt på sau og lam?

RSG ønskjer å spele dette inn til NSG.

Raselaga sin time

Iren Vestersjø Hidle og Kjell Åge Torsen frå RSG var med raselaga og tok imot innspel.
Raselag som deltok var rygjalaget, pelssaulaget, interesselaget for farga spæl, suffolklaget, norsk reinrasa sau og svartfjeslaget

Innspel:

- RSG: Raselaga må melde inn endringer i styret slik at informasjon frå RSG kjem i rette hende.
- Rygja: Kåringsreglane kjem for seint ut til dommerane. Raselaga kunne vore invitert til dommersamlingane
- Pels: Opplever at pelssauen får god oppdekking av RSG/NSG.
- Farga spæl: Opplever god kommunikasjon og samarbeid med avlsleiinga og NSG. Ønskjer betre rutinar for uttak av seminværer
- Suffolk: Ein del misnøye ved vurdering av ullkvalitet på suffolk ved kåring. Ber om at dommerane møter betre forberedt på kåring.
- Svartfjes: Positivt at svarfjeslaget fekk delta på dommersamling. Opplever at dommerane har god forståing av rasestandaren.

Felles frå raselaga og RSG: Kåringsreglane kjem for seint ut til dommerane, slik at det er lite tid å sette seg inn i endringar/nytt regelverk. Regelverket for kåring av den enkelte rasen bør ikkje endrast kvart år, men heller rullerast etter eit visst antal år. Raselaga ønskjer 14 dagar til korreksjon, etter utsending av regelverk/rasestandard.

Ein må behalde rasestandarden for verneverdige rasar stabil, slik at dei ikkje forsvinn av lista over verneverdige rasar. Raselaga ønskjer eigen kontaktperson i NSG.

Lokallaga sin time

Håvard Helgeland og Arne Berge var med lokallaga og tok imot innspel.

Innspel:

- Bjerkeim: Ønska eksempler på korleis få opp aktivitetsnivået i laget. Etterspurde fadderordning frå sentralt styre
- Sør Jæren: Laget har erfaringsgrupper som er veldig vellukka og foreslår at RSG kan dele dette med andre
- Suldal: Nye leierar bør få tilbod om kurs i organisasjonsleiing og lagsaktivitet. Leierar bør vera engasjerte og framoverlente folk som vil gjera ein jobb for laget.
- Sandeid: Ønsker innspel på korleis engasjere medlemmene i laget, då det er låg deltaking i aktiviteter pr i dag.
- Forsand: Årsmeldinga til lokallaga må koma på nsg nettside til motivasjon og inspirasjon for andre lokallag
- Egersund: Slakteria tek mykje av plassen og arrangementa som sau og geit burde ha
- Helleland: Grilling og servering av sauekjøt på møter og arrangement er eit godt tiltak for å fremje produkt av sau. Bør vera nøytralt mtp slakteri
- Suldal: Informasjon om kravet til kompetanseprov må koma ut til lokallaga
- Finnøy: RSG si nettside bør koma med forslag til gode tema og foredragshalderar
- Hjelmeland: RSG kan bidra med spørsmål og innspel som grunnlag for diskusjon i jordbruksforhandlingane
- Bjerkeim: Lokallaga bør lage seg gode rutinar for aktiviteten i laget. Tenke nytt, Fjøsmøter?
- Sør Jæren: Lokallaga burde ha opplæring i organisering og hatt instrukser for dei ulike oppgåvene i styret
- Nærbø: Kun 17 medlem pr i dag, og alderen aukar i gjennomsnitt. Lite fornying i medlemsmasse, og nokre medlem går til andre lokallag. Vurderer å legge ned lokallaget.
- Time: Aktiviteten er viktig for å halde laget i gong.
- Egersund: Ønskjer å premiere lokallag som arrangerer kåringssjå. Media-oppslag frå RSG er viktige. Eksempler på gode oppslag er gjerding og banenor. Deltaking på leiarmøte bør dekkjast av RSG.
- Helleland: Ønskja rettleiing i korleis sende inn årsmelding og rapportar
- Suldal: Ønskjer at ein del av kåringsavgifta skal gå til lokallaget
- Skjold: Livdyrprisane må auke i takt med kåringsavgifta. RSG må informere lokallaga endå betre om rutinar for fotbading i forbindelse med kåring

Gjetarhund – framtidig organisering av gjetarhundarbeidet og kompetanseprov

Tor Gaute Eikeland orienterte om Rogaland Gjetarhundmiljø. For å delta i gjetarhundarbeidet må ein vera medlem i RSG. Gjetarhundlaget har eige medlemsavgift og

har fram til i dag vore sjølvfinansierte. Det har fram til nyare tid vore lite samarebid mellom RSG og gjetarhund, noko som ein ønskjer å snu. Eikeland presenterte ulike alternativ for framtidig organisering av gjetarhundarbeidet. Vedlagt presentasjon syner dei ulike 3 alternativa.

Leiar i Rogaland Gjetarhundlag ved Jakob Vetrhus snakka om arbeidet i laget. Laget er størst og best på det som kan målast i landet. Roser RSG for vilje og utvikling av samarbeidet mellom dei, den siste tida. Gjetarhundlaget har gitt tydelege signal om at dei ønskjer å vera eit lag med støtte frå RSG, og med fast styremedlem på styremøtene . RGL ønskjer å gå for alternativ 2 av alternativa i presentasjonen

Informasjonsflyten mellom RGL og RSG har blitt betydelig betre. Dugnadsånda er stor på grasrota, med pt-timar nesten dagleg.

Rogaland Gjetarhundlag skal arrangere NM i gjetarhund på klepp i 2020. Dato er ikkje sett.

Det lokale gjetarhundrådet har fått innvilgja 50 000 kr til temakvelder, og ønskjer seg på rundtur til lokallaga i fylket. Oppfordrer laga til å gå saman om å arrangere temakveld.

Det er trond for meir midlar til å utdanne og oppdatere instruktørar. Det er fylkeslaget som godkjenner instruktørar, og RGL ønskjer sak ang instruktørar på årsmøtet til RSG.

Kåring 2019 – oppsummering av kåringsansvarleg Arnhild Skjørestad

Arnhild orienterte. Dommersamling på Rennesøy med 20 engasjerte dommerar som vurderte ein flokk med lam som vart gjennomgått i plenum i etterkant. Dommerane har hatt kortreiste kåringar for å spare økonomien, men det kan vera uheldig at samme dommerar er samme plass fleire år på rad. Det er viktig at lokallaga tek omsynet til smitte på alvor og arrangerer kåringsjå på plasser der det til vanleg ikkje holdes sau. Det er bestemt at det i 2020 ikkje skal vera snusekontakt mellom værlamma på sjå. Alle lam skal fotbadast før og etter kåring, og alle utstillerar skal fylle ut egenærklæring. Dei to siste lørdagane i september blei det holdt 8 sjå, med fleste dommerar i sving, bør det vurderes søndagssjå?

Utstillerar som ikkje stiller på sjå, må betlae 2000 kr for å få dommer heim, og det er delte meiningar om dette. Det trengs nye dommerar i 2020, og desse skal vera lærlingar i 4 år.

Lokallaga og væreringane utfordres til å koma med innspel til nye dommerar, avlsutvalet innstiller desse og RSG oppnevner dei. Kandidatane skal vera genuint oppteken av sau, saueavl og sauebønder.

I 2019 vart det halde 18 kåringar, 13 sjå og 3 gardskåringar. Sjåa er billegare, miljøskapande – og ønskjeleg! Antal lam har auka med ca 300 ifht 2018, over 1900 lam stilte til kåring. Det er spesielt 8 plasser har markant auke i antal lam.

Innspel:

- Suldal: Korleis er rutinane med fotbadning ifht sal direkte frå sjå.

- RSG: Alle lam skal fotbades ut til kåring, og inn til fjøs. Ulike rutinar rundt om i fylket på dette.
- Egersund: Ros til Arnhild for god og nøye gjennomgang av kåring 2019,
- Hjelmeland: Ønskjer RSG at lokallaget skal stimulere til auke av kåra lam?
- Sandeid: Det er ønskje om å ha skilt med rase og eigar på kåringsbingen
- Gjesdal: Kåringssjået må tilstrekkeleg med dommerar for å bli ferdig med dagen, ikkje gunstig med for lange dagar
- Suldal: Ny rekord med antal lam, delte dommerlaga etter fornuft. Dette bør lokallaga kunne organisere
- Finnøy: Meiner andel tid brukt på ullvurdering ifht resten er for lang.
- Rennesøy: Ved inntak av nye dommerar bør kjennskap til alle rasar bli vektlagt.

Møteslutt 18.00

Laurdag 19.10

Møtestart 9.00

NSG – Jordbruksforhandlingane 2020

Lars Erik Wallin meldte forfall og leiar Håvard Helgeland gjekk gjennom innlegget til NSG.

Jordbruksforhandlinga er særsviktig for organisasjonen og det er viktig å begynne med arbeidet allereie tildleg haust. Det er naudsynt å forankre forhandlingsarbeidet i lokallaga, men det er vanskelig å få lokallag til å uttale seg. NSG ønskjer å prøve ein annan modell, som går ut på å sende forslag til forhandlingane til diskusjon i lokallaga. Det er viktig å komme med eit forslag som NB, NBS og LMD kan ta imot. Fristane for arbeidet har vore ugunstige fram til i dag, og dette skal betrast. Viktig med strategi for å ivareta inntektene til sauebonden, som er 70% tilskot. Korleis kan medlem i lokallag og fylkeslag bidra i arbeidet med å styrke rammevilkåra for småfænæringa?

NSG sine hovedsatningsområder:

Ønskjer småfehold i heile landet

Ønskjer ikkje strukturendring

Ønskjer ikkje omfordeling

Styrking av beitetilskot framleis en hovudsak for NSG

Innspel:

- Suldal: Kva tanker har RSG angåande prisfall i prisløype om hausten?
- Suldal: Bør det koma ny dato/dataar for Fårikålens dag? Kan RSG bidra her?
- Gjesdal: Kva dato ønskjer RSG å ha innspel klart frå lokallag?
- Hjelmeland: NSG burde få ein pott med midlar, som næringa sjølv kunne fordele etter ønskje.
- Sandeid: God idé å samle alle lokallaga i ein region for å diskutere jordbruksforhandlingane

Kompetansebevis – Dyrehelse og smittevern, ved Kjell Åge Thorsen

Det er Animalia som er ansvarlege for utforming og lansering av e-læringskurset som omhandler dyrehelse og smittevern i småfenæringa. Det har vore knytt stor usikkerheit til kurset, då kurset ikkje er klart for gjennomføring. Det er også usikkert kva rolle RSG har i dette arbeidet. Førebels status er å avvente til ting er på plass.

Innspel:

- Egersund: Er det rett at næringa skal godta alle krav som kjem?
- Forsand: Studiering bidrar til gode samtaler og gode lokallagsmøte
- Hjelmeland: Viktig at ein kan samlast for å ivareta dei som ikkje bruker pc
- Hjelmeland: Det er viktig med god norsk formulering av spørsmål i bonderetta kurs.

Slakteria sin time

Nortura – Stian Espedal

Oreinterte om kven som har ansvar for kva mtp dyrevern og helse på nortura sine anlegg. Gjekk gjennom avliving av småfe i teori og praksis. Fortalte om eksport av 1000 tonn saupekjøt til Oman, som vil kunne bidra til reduksjon av omsetningsavgift og prisløft for engrospris og avregningspris til bonde. Nortura har hatt ein god lammeseson med lam av topp kvalitet. Pr 19.10.19 var det 1300 tonn lam på reguleringslager.

Innspel:

- Sigmund Skjæveland: Kor ofte gir matkontrollane tilbakemelding om dårlig dyrehald?
- Gjesdal: Er det vilje til å endre prisløype?
- Suldal: Kan saupekjøt brukes i ferske fårikålprodukt?
- Tor Gaute Eikeland: Bør sette inn innsats for å strekke i salsesongen.

- Arnhild: Er det vurdert kjøttdeig av sau?
- Hjelmeland: Har kvardagslam bidrige til auka sal?
- Suldal: Mange bønder klager på høg pris på sau og lam i butikk. Produktene bør ha enkel informasjon på kor mange porsjoner produktet metter.
- Egersund: Utfordrande med konkurerande produkt, som for eksempel at salt fårekjøt er dyrare enn salt svinekjøt.

Fatland – ved Tore Oftedal

Slakteriene i Rogaland er i hovudsak konkurrentar, men samtidig gode kollegaer som samarbeider godt om enkelte oppgåver i næringa.

Snakka om kva Fatland gjer for å auka salet av norsk lam- og sau, og om transportdyktighet. Fatland hadde veldig godt sal i 2018, medan salet i 2019 har vore tyngre pga manglande drahjelp frå kjedene på bl.a lammebog og fårikålkjøt.

Det har blitt utarbeida ein felles rettleiar for næringa mtp transportdyktighet av sau og lam.

Innspel:

- Hjelmeland: Sel Fatland produkt til Rema 1000?
- Sokndal: Kva konsekvenser får det om eit dyr får beinbrot på dyretransporten?
- Hjelmeland: Ønskjer plansjer/presentasjon ang transportdyktighet tilsendt til lokallag

Prima – ved Leif H Korsbø var invitert, men kunne ikkje møta

Aktuelt frå salen og oppsummering

Pga lite tid, gjekk denne posten ut.

Møteslutt kl 12.00